



En del gamle
tegnings-
av 18 2/22

MENIGHETSBLAD

FOR ORKDAL PRESTEGJELD

«Når dere søker meg av hele eders hjerte, vil jeg la meg finne av eder»

Nr. 4

APRIL 1963

13. årg.

PÅSKEDAG

En flokk skolebarn lyttet til lærerinnen som gjennomgikk påskeberetningen. Da de var kommet frem til påskemorgen og fikk høre om Jesu oppstandelse, brast det ut av en guttepjokk nede klassen: Var det ikke det jeg tenkte — han ville klare det!

Påskebudskapet forkynner noe som er så fantastisk at mange henviser det til fantasiens verden. Ikke desto mindre er det et faktum — selve fundamentet under alt som har med kristentro og kristenliv å gjøre. Jesu oppstandelse er Guds store faktum i denne verden.

Det er skjedd — på tross av fornuftens innvendinger og menneskelig bedreviten. — Kristus klarer det! Derfor skal lovsangen bruse også denne påske:

*Krist stod opp av døde
I påskemorgenrøde!
Ti synger lytt og sjeleglad
Hans menighet i allen stad:
Ære være Gud i det høye!*

Forutsetningen for Jesu oppstandelse var langfredagens seier. Da avvepnet han «maktene og myndighetene» og viste seg som seierherre over dem på korset. (Kol. 2,15). Og denne korsets seier ble påskedag sanksjonert. Ved Guds veldige makt ble Kristus da reist opp av graven. (Rom. 1,4).

Jesus lever — men spørsmålet er bare: Lever vi — ved Ham — i oppstandelsens kraft og

lys? Har den oppstandnes liv fått løse det som er bundet og stengt i våre sinn — og ført oss inn under en åpen himmel?

Ved Guds levende ord, ved bønner og troen kan det skje, — også idag — også hos oss!

E. K.



Møte i Orkdal sokneråd

Nestformannen, Arne Fagerholt, hadde kalla saman møte onsdag 20. mars. Formannen, Helge Syrstad, var sjukmeld. Både formann og nestformann vart attvald for 1963.

Res. kap. Koren opna med andakt. Vidare fekk Koren ordet til orientering om «ungdomsarbeidar-saka». På prostimøtet i Geitastrand i november 1962 reiste Petter Morken dette spørsmålet: Kan ikkje prostiet med alle sine sokneråd gå saman om å tilsetja ein ungdomsarbeidar for heile prostiet. Han skal vere lekmann og ha til oppgave å hjelpe til med det ungdomsarbeidet som er igang og dessutan prøve å sette i gang nye tiltak der det ikkje er noko slikt arbeid før.

Ei arbeidsnemnd vart vald i november. Nemnda har hatt fleire møte. No er planen til drøfting i dei einskilte sokneråda. Orkdal sokneråd vedtok å stø dette tiltaket. Medlemene meinte det skulle vere mogleg å få inn pengar til å dekke Orkdals del av løna til denne ungdomsarbeidaren.

På leiting

Jesus kan mistes. Foreldrene hans røynte det. Med knappe ord forteller Lukas om det. Det foregikk ved en høgtid. Og slik er det: Nettopp under livets festdager kan det hende. I motgang og trengsel får Gud bøtter. Da finner en og annen barndommens frelser. Under høgtidsdagene er det annerledes. Det er så mangt annet som fanger hjerte og tanker da.

Lukas forteller episoden fra frelserens barneår. Det var barnet Jesus som ble borte for dem. Hva grunnen kunne være vet vi ikke. Men de mistet ham altså — rent bokstavelig talt. Og så bar det til å leite til de fant ham igjen.

«Hvor blir det av Jesus i julen?» spurtes det i et julenummer siste året. Påskefeiringen foregår riktignok annerledes, stort sett. Men det er like stor grunn til å stille spørsmålet i klart sollys i påsken. Og det gjelder ikke bare dem som lever kristne verdier foruten. Det er aktuelt for dem som eier ham og. Han kan mistes. Og da tapes Gudslivet samtidig.

I uro og blant de mange menneskene som lever bortvendt fra ham kan en miste ham. Men han kan også tapes bort i selvpotattheten og ensomheten. Saken gjelder hva en er opptatt av. For oss ser det likevel ut som faren er størst blant massene. Det kan se ut så pyntelig og fint. Litt Guds frykt i høgtida. Men ikke for mye av det slaget. Vi skal jo kople av. Massenes veg må følges, den og. En må for all del ikke bli einstøing. Så skjer det. En vet ikke riktig sjøl hvordan. Men med ett står en der med det tomme hjertet og den såre samvittigheten. Han ble utkoplet sammen med hverdagsstrevet. Det ble til at en glemte: Jesus og hverdag hører i hop.

Har du mistet ham, er det bare ett å gjøre: å leite etter ham. Selv om det må skje med smerte. For slik ble Marias og Josefs leiting. Han lar seg finne. Det er ikke slik å forstå at han leker gjemsel. Skylden er ikke hans når han ble borte. Det er ikke tar vare på mister en. Mange vil være på leiting i påsken i år også,

svært mange etter rekreasjon, — en og annen etter noe mer. Dette mer finnes bare når du finner ham. For «oppstandelsen og livet visst, det er den Herre Jesus Kristus».

Red.



Kristenrussens Misjonsaksjon

Under mottoet «Til kamp, til kamp for Jesus» er vi 13 kristne ungdommer på gymnaset som har starta opp en misjonsaksjon i russetida vår. Grunnen er den at vi ikke kjenner oss heime i det miljøet som den vanlige russefeiringa skaper, og at vi gjerne vil gjøre en innsats for Guds rike i denne tida. Som kristne ungdommer kan vi ikke sette oss ned med hendene i fanget og hygge oss sjøl når millioner av mennesker lever uten Gud og uten håp i verden. Vi har møtt Jesus i unge år, og med det har et nytt liv begynt. Alt det denne verden kan by på av gods og gull, ære og makt, blekner helt når det nye livet i Kristus Jesus tar til. Vi har erfart at når vi har Jesus, trenger vi ikke noe mer i liv og død. Det er Jesus og bare Han som kan gi livet vårt mening og innhold. Er det rart at ungdom som har fått en så stor og rik skatt vil dele den med andre? Vi har fått et nytt liv som vi ikke lenger kan leve for oss sjøl, men for Han som frelste oss og løste oss ut. Vi har gått i gang i tiltro til Guds ord. Jesus er hovedpersonen. Gud har og vil velsigne oss gjennom arbeidet med aksjonen. Det kommer til å koste tid og penger. Men vi vil få mye mer igjen.

I Hirutzen på Honshu, den største øya i Japan skal Norsk Luthersk Misjonssamband opprette et jordbrukssenter til evangelisering blant landsungdom. Det vidunderlige Japan som teknisk sett er et av de fremste land i verden, driver i stor utstrekning et ensidig jordbruk. Men nå er en ny tid i emning på dette feltet. Vi må nytte den anledningen som gis oss. De japanske bøndene skal få praktisk opplæring, men de skal få mer — de skal få kunnskap om Han som er veien, sannheten og livet, Jesus Kristus.

Vi har satt oss som mål å samle inn 10 000,— kr. til dette prosjektet. De japanske bøndene

skal ikke gå under i mørket uten lys fra evangeliet. Vi vil prøve å nå dem før det er for sent.

Etter examen artium starter vi opp for fullt. Da skal vi reise rundt i Sør-Trøndelag og delta på gudstjenester og ha møter. Vi drar med stor frimodighet, for vi har verdens største sak på programmet. På turen skal vi selge en frisk og god «Russens Misjonsavis». Den skal hjelpe oss til å nå inn i heimene med vitnesbyrdet vårt. En av de første helgene på juni har vi planer om å avslutte turneen vår med et stort møte i Orkdal kirke. Vi håper at orkdalingene gjør oss glade ved å møte mannjamt fram.

Vil du som leser dette være med å be for aksjonen vår? Du har kanskje mange bønneemner fra før. Men du får aldri nok av dem.

G. Ø.

Kart over Orkdal kyrkjegard

Kyrkjegarden ved Grøtte-kyrkja har vore utvida fleire gonger. Fleire av vegane mellom gravstadene har også vorte flytt. På denne måten vart det gamle kartet meir og meir forelda. Men det gjorde ikkje noko når kyrkjetenaren, Ingebrigt Engen hadde kartet i hodet, så å seia. Men likevel kunne ikkje dette vera forsvarleg i lengda. Derfor gjekk prost Hatlebrekke og Ingebrigt Engen i gang med å laga utkast til heilt nytt kart. Dette utkastet eller denne kladden vart så levert til kommuneteknikaren, som tok på seg å teikna det nye kartet over Orkdal kyrkjegard. Kor langt dette arbeidet har kome, veit ein ikkje heilt visst nett no.

EIN PRAT MED KYRKJEVERGEN I ORKDAL.

Det er ikkje alle som veit at kyrkjevergen i Orkdal heiter Anders Kleiven. Det var i førstninga av 1960 at Kleiven tok over denne oppgåva etter avlidne Anders Aarvik. Det kunne ha ei viss interesse å høyra ut om oppgåvene til ein kyrkjeverge, og så leita vi opp Anders Kleiven ein kveld i heimen hans.

Kva er oppgåva til ein kyrkjeverge? spør vi først.

Kleiven svarar: Det er kort og greitt å ha tilsyn med og ansvar for kyrkjes hus og kyrkjegard.

Har det vore stort å gjera med bygningane i di tid? spør vi. Kleiven svarar: I Anders Aarvik si tid vart det gjort så mykje at ein skulle tru det fekk greia seg for lange tider. Kyrkja vart måla og fekk fyringsanlegg i tretti-

åra. Og så kom det ny stein på det store kyrkjekoret. Men så måtte fyringsanlegget skiftast ut med elektrisk anlegg, flomlyset skulle monterast. Som ein ser, er det alltid noko å stella med. Det eg personleg har hatt mest å gjera med i det seinare, er det nye uthuset, og graving av vassleining og kloakk til det. Det blir nokre vendingar med å tinga arbeidsfolk og sjå til med det hele.

Er det andre arbeid som er utførde i kyrkja i det siste? Det er ikkje stort å snakka om, men det er gjort eitpar forbetringar inne i tårnet. Da kyrkja var ny, stod ringarane på to lause plankar. Men i 1910 vart det nye ringarar, og dei fekk lagt eit provisorisk golv i tårnet. Først no, ca. 50 år seinare har vi fått inn skikkeleg golv og tårnluker av sponplater. Men du hadde vel også noko å gjera med den utvendige vølinga av tårnet som vart gjort i fjor sommar?

Kleiven fortel: Da dei to tårnspecialistane melde seg til teneste, våga eg ikkje å tinga dei utan vidare. Det var ikkje nokon post på budsjettet, veit du. Men etter konferanse med ordførar og kontorsjef vart det ei råd, — og karane gjekk til topps. Og resultatet, det er synleg langan lei.

Er det noko bygningsteknisk arbeid som står att nett no? Kleiven fortel at han har funne ut at det er nokre lause steinar over somme vindauga. Og det er ikkje å undrast over i ei kyrkje som har 70-årsjubileum i år. Kyrkja vart nemleg vigd av biskop Skaar den 13. desember 1893.

Og så det ikkje skal vera nokon tvil om dette, hentar Kleiven fram «En menighetsberetning for Orkdal prestegjeld», som presten Egil Brekke hadde gitt ut i si tid.

Før vi går, får vi sjå ei kartotek-kasse som Kleiven har laga sjølv. Men det Kleiven ville syne fram, var innhaldet, eit kartotek over bygsla gravstader på Orkdal kyrkjegard. Det er mellom tre og fire hundre kartotekkort.

Men dette må da ha vore eit storarbeid, meiner vi. Ja, svarar Kleiven, det er ikkje fritt. Og det er pensjonert lærar Ola Sundli som etter oppmoding av prost Hatlebrekke tok på seg dette arbeidet. Og det er mykje lettare å vere kyrkjeverge når folk kjem og nyar oppatt bygslinga, og ein berre kan slå opp i kartoteket, i staden for å leita vel og lenge i protokollar.

Til slutt ordar vi frampå til Kleiven om at han må gjere vel og røkta denne jobben enno i mange år. For det trur vi, at meir lugum mann til denne oppgåva skal det bli vanskeleg å finne.

N.

Konfirmanter i Orkanger 12. mai 1963**Gutter.**

Arne Spjøtvold
 Asle Morten Hegglund
 Erik Prestmo
 Finn Martin Hoff
 Georg Stub
 Halvor Wergeland
 Jan Ebbesen
 Jan Ingard Thorgaard
 Jon Atle Krokstad
 Kjell Ross
 Knut Arvid Ebbesen
 Lars Jan Kufaaas Schjerve
 Leif Kristiansen
 Leif Erling Røstad
 Magnar Bjørnaas
 Magnar Gunnes
 Ole Andreas Richter
 Per Steinar Oddli
 Svein Ingvald Røhmesmo
 Terje Solemsløkk
 Tor Bach
 Tor By.

Jenter.

Ann. Lise Wormdal
 Astri Eugenie Thams
 Astrid Fuglaas
 Birgitte Stokke
 Britt Helen Skinstad
 Britt Synnøve Oddli
 Elisabeth Melgaard
 Else Margrethe Andersen
 Eva Marthe Monsen
 Grete Johnson
 Gunn Kristin Fageraas
 Gunvor Johanne Øwre
 Hildur Agnete Sørdal
 Inger Margrete Elshaug
 Ingrid Jensen
 Irma Therese Reitan
 Jorid Ingeborg Strand
 Kirsti Elisabet Larsen
 Laila Falch
 Liv Berg
 Margrethe Elisabeth Holthe
 Randi Therese Lilleholte
 Randi Gundersen
 Torgunn Ulseth
 Toril Dahlø
 Turid Mostad
 Turid Røstad
 Vigdis Svensson.

BILDER

besørgeres innrammet.

Anton Ask, Fannrem.

GODT UTVALG AV

SØLVVÆRER

til

BARNEDÅP BRYLLUP KONFIRMASJON

JOHN RØHME

GULLSMED — ORKANGER

Gravmonumenter

i alle prisklasser og modeller i førsteklasses utførelse kan bestilles hos meg.

Monumentene leveres fraktfritt og fritt oppsatt.

BERNT GROVEN Svorkmo.

LØYVINGAR I ORKDAL SOKNERÅD.

På siste soknerådsmøte vart det løyvt kr. 300 til Menighetsinstituttet. I 1961 var det sendt kr. 200 til same føremålet. Vidare fekk Hjem for Døve, Indre Sjømannsmisjon, Blå Kors og Kristelig Gymnas kr. 25 kvar.

Til avbetaling på underskotet fekk Menighetsbladet kr. 50. Ein reknar med at Orkland og Orkanger sokneråd vil fylgja eksemplet.

STUDENTPREST PER ØVERLAND

blir med under gudstenesta i Orkdal hovedkyrkje 1. søndag etter påske. Det blir ofring til det kristelege skolelagsarbeidet.

PRESTANE GUNNAR PRESTEGAARD og ARNE PAULSEN

talar ved Trøndelag Indremisjons Ungdometreff på Fannrem 3. søndag etter påske — den 5. mai. Det blir gudsteneste om formiddagen og opptog med friluftsmøte om ettermiddagen.

DISP. CARL JOHAN WISLØFF

talar på Megård bedehus, Fannrem i påskehelga. Sjå lysing.

ORGANIST OLAV HØYEM HUSBY

har fått ny stilling ved Havstein kyrkje. Han sluttar som organist i Orkdal ved slutten av april.